

84. ¹Eigen tone

1. Ja stormanns galskap den fine herre
Han gjeng paa sykkel aa flyg iblandt
Han for kring verdi, men er desværre
Ein egta skjelm aa ein lure fant
Uhyre kostsam aa svare dyr
Aa du aa du for ein farleg fyr

2. Stormannsgalskapen hjaa dei store
Den hev me sett aa faar jamleg sjaa
Men denne *felska* kor er da vore
At den skal smitta so paa dei smaa
Jau nettupp dari han faaleg er
Aa smitta alltid han i seg bær.

3. Men feilen er ein vert ikkje var han
Han hev kje blygsel han eig kje skam
Men klaarleg ser ein daa at du har han
So jamleg stikk han si nasa fram
Des meira galskapen lurt deg faar
Des meira avmote med deg raar.

4. Aa du me sjaa han i mangslags være
Byte gjenge fraa fot til taa
Han veit aa fremja si galskaps lære
I drykk i røyk ei grepa skraa.
Han godt kan dykja aa laata vel.
Han millionar kan slaa ihel.

5. Stormannsgalskap i lag aa retta
Faa da litla te verta stort
Prosedurar um *inkjevetta*
Tena pengar paa støv aa lort
Daa er det galskapen rustar seg
Daa er det fanten faar lura deg.

6. Stormannsgalskap kven kan no magta
Aa gjera noko til ska for den.
Det segjer mange eg hev kje sagt da
Han sit til høgset i gard aa grenn
I alle nemdar i kvar kongress
Han møter punkleg aa hev sin sess.

7. Folk verte sinna aa tetpaa arge
De liksom smitta baa sinn aa kjøt
Dei skiftar røysti aa andlitsfarge
Grev aa sparkar med hend aa føt.
Nei um du skjennar i sinne aag
Er stormannsgalskapen lika fjaag

8. Eg sat ved vegen i varma sola
Eg trong um kvila eg var so sveitt
Aa med eg sat dar so kjem han Ola
I galskaps bunad det var no greitt
Eg saag paa honom han gjeng forbi
Han gløste berre pa sjorta mi

9. Aa so var det hin preikedajen
Eg saag eg undra paa kvinna mest
Knep paa stakkjen aa knep paa krajen
So udsjemt vart det med knep tilrest
Ein formar kroppen so bleik ein gaar
Med bringepina aa magesaar.

10. Folk i faakunna burt seg *hutlar*
I likasæla attende sig
Stormannsgalskapen stadigt *mutlar*
Paa hug aa tanke so gjeng det slig
Eg vert eit offer eg fell ifraa
Dei gode hugmaal faar lite raa.

11. No er eg gamal eg seier berre
Ei raad eg gjev dykk aa da er da
Pass berre paa, lat den fine herre
No aller daara dykk nokon sta
Dei gode hugmaal kan hyggja gje
Aa *doggar* med ein velsigna fred

12. Den varme sumar den kan kje vara
Ein kalde vetter vil fylgja paa
Ein bunad so etter vere svara
Meina eg er vor besta raa.
Den bygde vegen er best aa ga
I lengdi stend ein seg best paa da.